

## **STYREMØTE SOGN OG FJORDANE SAU OG GEIT,**

**HOTELL LOENFJORD 19. 02. 09**

Desse møtte: Halvar Espeseth, Lars Olav Vanberg, Eli Berge Ness

### **Sak 06/09 Referat og meldingar**

- Rekneskap. Stort minus på drifta sist år. Hovudutgiftspostane er årsmelding og årsmøte, ellers er utgiftene låge med tanke på den store aktiviteten som har vore.
- Innbyding til årsmøte i Sogn og Fjordane 4H på Hafslo. Eli har sendt melding om at ingen har høve å møte.
- Innbyding årsmøte i Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag. Margaret møter.
- Drøftingsmøte på Skei om jordbrukstingingane 2009. Halvar møtte for SFSG.
- Møte styringsgruppa for Geit i Vekst. Vil forlenge prosjektet tre år til.

### **Sak 07/09 Gjennomgang avlsarbeid sau**

Gjennomgang avlsarbeid ut frå årsmeldinga til avlsutvalet og budsjett for komande år.

Audun Nedrebø gjer eit framifrå arbeid, og SFSG set pris på å ha ein så kunnskapsrik og ryddig person som leiar av dette utvalet.

SFSG meiner det er rett at avlsutvalet held fram som i dag, og at det ikkje vil vere mykje å tene økonomisk på å organisere dette arbeidet på andre måtar.

Audun Nedrebø har som leiar av avlsutvalet i fylket vore Sogn og Fjordane sin representant i regionutvalet for saueavl i region Vest. Han har vore leiar for regionutvalet. Det skal veljast nytt regionutval i år. Fylkeslaget skal kontakte alle vøringane i fylket for at dei skal kome med innspel på kven som skal vere Sogn og Fjordane sin representant.

Det skal også veljast nytt avlsutval i fylket.

**Vedtak:** Avlsutvalet i Sogn og Fjordane held fram arbeidet som i dag, og same oppbygging og organisering som i dag.

## **Sak 08/09 Representant i regionutval avl**

**Regionutval saueavl, Vest:** Audun Nedrebø har sagt seg villig til å vere Sogn og Fjordane sin representant i regionutvalet komande periode. SFSG vil sende ut oppfordring til ringane om å kome med innspel på gode kandidatar, men vi vil samstundes opplyse om at ein ønskjer at Nedrebø skal halde fram. Regionutvalet blir valt kvart andre år, og er sett saman av representantar for væreringane i Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. I tillegg er Kjøttbransjens landsforbund med, og Turid Sundt, avlskonulent NSG er sekretær.

Audun Nedrebø har god kjennskap til avlsarbeid. Han er kunnskapsrik, og klarar å sjå vedtak i samband med avl i ein større samanheng, og kva konsekvensar vedtaka kan få over tid. SFSG håpar han vil halde fram som leiar av regionutvalet. Med leiar i NSG og leiar i den nasjonale avlsrådet frå same område av landet, er det viktig at regionutvalet kan ha ein leiar frå ein annan geografisk stad på Vestlandet.

**Vedtak:** SFSG sender inn framlegg til representant i regionutval sau etter at ringane har kome med innspel til fylkestyret. Vi vil også oppfordre regionutvalet til å velje leiar med tanke på geografisk fordeling av verv i NSG-systemet.

## **Sak 09/09 Avlsutval sau, Sogn og Fjordane**

Avlsutval sau er sett saman av leiar, ein representant for ringane, ein representant frå styret i SFSG, ein representant frå Nortura og ein vararepresentant frå ringane. Vararepresentant møter på alle møte. Siste åra har Viksdalen værering hatt representant i avlsutvalet, og Luster værering har hatt vara.

Det er styret i SFSG som oppnemner avlsutval. Dette skal gjerast i samanheng med at ein finn representant til regionutvalet.

For å sikre at væreringane frå alle regionane i fylket skal bli representerte i avlsutvalet på sikt, vil SFSG gjere vedtak om ei rullering. I dag har Sunnfjord ein representant inne i avlsutvalet. Han går ut når ein oppnemner nytt avlsutval. Sogn har hatt vararepresentant, han går no inn i styret. Nordfjord går då inn med vararepresentant komande periode, og rykkjer opp til fast plass etter to år. Om representanten som er inne frå ein region ønskjer å gå ut av avlsutvalet før perioden på fire år er ute, skal ein ny person frå same region erstatte han/henne.

Leiar for avlsutvalet føl ikkje denne rulleringa.

**Vedtak:** Avlsutvalet blir oppnemnt anna kvart år i samanheng med regionutval avl.

Styret i SFSG oppnemner avlsutvalet. Ein går inn for ei rullering der varamann går inn som fast representant i avlsutvalet etter to år. Væringane i dei tre regionane i fylket skal ha representantar i avlsutvalet etter tur.

### **Sak 10/09 Årsmøte**

Arbeidsfordeling under årsmøtet. Gruppearbeid. Vi deler gruppene inn i to geitegrupper, to med kystområde, to med innland og ellers litt ymse.

**Vedtak:** Dette har vi kontroll på

### **Sak 11/09 Budsjett**

Halvar gjekk gjennom budsjettet for komande arbeidsår.

**Vedtak:** SFSG legg budsjettet som det ligg føre fram for årsmøtet til godkjenning.

Møtet slutt

Ref. EBN